

Høyringsuttale i samband med Europautgreiinga ”Innenfor eller utenfor”

Det er svært positivt at det for første gong er gjennomført ei full evaluering av Noreg sitt tilhøve til EU. Utgreiinga omhandlar både EØS-avtalen og dei andre avtalane Noreg har med EU. Særst positivt er det at arbeidet skal munne ut i ei Stortingsmelding, noko som bør innebere ei brei drøfting av dei viktige spørsmåla utgreiinga reiser.

Når dette er sagt vil vi peike på ein alvorleg mangel ved utgreiinga. Utvalet har ikkje hatt som mandat å greie ut alternativ til EØS-avtalen. Debatten vil kunne bli prega av at det ikkje blir peikt på at det er mogleg å tenkje i andre banar enn EØS-avtalen.

Utgreiinga peiker på at EØS-avtalen har fått eit mykje større omfang enn det som blei sagt då avtalen vart underteikna. Omfanget og den dynamiske karakteren til avtalen gjer at resultatet av dei to folkerøystingane stadig vert sett på prøve. Uroa over dette kjem tydeleg fram i meiningsmålingane der eit klårt fleirtal meiner at EU har for stor makt i Noreg.

Utvalet peiker på det demokratiske underskotet som EØS-avtalen inneber. Uroa over dette er nok grunnen til at lokallaget vårt har arrangert fleire åpne møte og elles engasjert oss i EØS-spørsmålet Vi meiner folkestyret tel tyngre enn økonomiske omsyn.

Med tanke på økonomiske følgjer blir det ofte sagt at Noreg er avhengig av EØS-avtalen for å selje varer til EU. Det same vart sagt under debatten om norsk EU-medlemskap i 1972 og 1994. Som alle veit har ikkje dette vore problematisk for Noreg. Vi reagerer på at utvalet tek det fram på nytt utan å kunne syne til forskning som stør synspunktet.

Når vi les at utvalet kan ønske seg ein meir omfattande EØS-avtale, er dette eit synspunkt vi er svært usamde i.

Vi håper at politikarane, og særleg regjeringspartia, legg opp til ein brei debatt der ulike alternativ til EØS-avtalen blir lagt fram. Dette er i tråd med det eit fleirtal av folk i landet ønsker.

Åmli Nei til EU

V/Karen Theresie Andersen, lokallagsleiar

